



LESEMEISTER

Lærarrettleiing

Versjon 5.1
Nynorsk

Innhaldsoversyn

Kva er Lesemeister?	4
Lesemeister - Elevtenesta	4
Lesemeister - Lærartenesta	5
Bøkene i Lesemeister	6
Bokformat	6
Brukarar i Lesemeister	8
På kva for utstyr kan ein nytte Lesemeister?	8
Lærartenesta	8
Elevtenesta	8
Logge på	8
Logge på i nettlesar	9
Logge på iPad app	9
Kva gjer eg om eg ikkje får logge på?	10
Logge av	11
Elevtenesta	11
Lærartenesta	12
Elevtenesta - Kva eleven kan endra	14
Elevtenesta - Lese ei bok	15
Bokhylle med filter (figur 9)	15
Mine bøker	17
Boka eg les no	18
Meny inne i boka	19
Elevtenesta - Bøker og nivå	20
Elevtenesta - Poeng	21
Poengnivå	22
Korleis får eleven poeng?	22
Elevtenesta - Leste sider	23
Elevtenesta - Tid lest	24
Elevtenesta - Lesevener	24
Elevtenesta - Leseutfordringar	25

Elevtenesta - Varsel	26
Elevtenesta - Nedlasting av bøker	27
Elevtenesta - Quiz	28
Lærartenesta - Grupper	29
Feidegrupper (figur 21 og 22)	29
Lærergrupper (figur 21 og 22)	29
Lærartenesta - Byt mellom klassar/grupper	31
Lærartenesta - Statistikk	32
Lærartenesta - Elevstatistikk	33
Lærartenesta - Detaljstatistikk om eleven	34
Lærartenesta - Bokhylle	35
Legge til ei bok i bokhylla	36
Fjerne ei bok frå bokhylla	37
Gå til arkfana "Bokhylle" og vel klasse/gruppe oppe til høgre	37
Lærertenesta - Bibliotek	37
Lærartenesta - Aktivitet	37
Lærartenesta - Quiz	38
Aktiver/deaktiver quiz for grupper/klassar	38
Quiz - oversikt	39
Klargjering for nytt skuleår - grupper og elevar	39
Kva gjer lærar ved slutten av skuleåret?	40
Kva gjer Lesemeister ved slutten av skuleåret?	40
Kva gjer lærar ved skulestart?	41
Korleis nytte Lesemeister i undervisninga?	41

Kva er Lesemeister?

Lesemester er eit digitalt bibliotek for elevar i grunnskulen.


Lesemeister gjev elevane tilgang til hundretal av kvalitetsbøker frå dei kjende norske forlaga.

Føremålet med Lesemeister er å gje elevane ein arena for lesing som er både morosam, motiverande og lærerik, og på den måten skapa fleire og betre lesarar.

Lesemeister skal være ei viktig del av leseopplæringa på skulen, og hjelpe elevar og lærarar til å gjennomføra mål i læreplanen knytta til å skapa betre lesarar.

Lesemeister - Elevtenesta

Elevtenesta inneheld eit antal bøker på ulike nivå og på begge målformer, og elevane kan lese så mange bøker dei vil. Når elevane utfører ulike aktivitetar i tenesta, får dei poeng, og flyttar seg oppover mot neste poengnivå i tenesta. Elevane kan "like" bøker og utfordra sine lesevener til å lese den same boka som dei les sjølv.



The screenshot shows the Lesemeister app interface. At the top, there's a navigation bar with tabs: LESEMEISTER (highlighted in orange), MI SIDE, LESEVENNER (highlighted in red), BOKHYLLE (highlighted in blue), QUIZ, and a bell icon.

MI SIDE:

- User profile picture: LIV
- 1970 LESEPOENG
- 863 LESEREV
- 12:53:11 (reading time)
- A progress bar with five icons: sun, rabbit, fox, bear, and bird. The first four are filled, while the last one is empty.
- BOKA EG LES NO:** (Book me to read)
- Illustration from the book "Den pysete katten" showing a cat in a store. A pink circle indicates 100% completion.
- Text: "Den pysete katten DU ER PA SIDE 4 AV 25"

LESEVENNER:

MINE BOKER

- Den pysete katten (Illustration of a spiky black cat)
- Toppdokken! (Illustration of a girl with a heart)
- Smarte Matilde III (Illustration of a girl with a lamp)

HENDINGAR:

Meir enn ei veke sidan:

- Fire og to (Illustration of a girl)
- MINA MARIA starta å rydde (nynorsk) (Illustration of a girl)


oooooooooooo

Figur 1

Lesemeister - Lærartenesta

Lesemeister kjem med eit administrasjonsverktøy for lærarar - Lærartenesta (figur 2). Der kan lærarar følgje med på eleven si lesing (automatisk leselogg), og tilpassa tenesta til sin klasse.

Elevar og lærarar loggar på Lesemeister med Feide-brukar, og tenesta er tilgjengeleg i nettlesar, på iPad og Chromebook.



Figur 2

Bøkene i Lesemeister

Alle bøkene er digitale produksjonar frå små og store forlag. I fleire av bøkene er det gode illustrasjonar og støtte for å lese med lyd. Lydspora er av høg kvalitet og som regel innspelt av skodespelarar.

Bokformat

I Lesemeister finst i hovudsak 2 bokformat: Epub TBA.

- Epub format - Inneheld tekst og illustrasjonar, men er utan lyd og moglegheit for opptak av eiga lesestemme.
- TBA format - Inneheld tekst, illustrasjonar, lyd og moglegheit for opptak av eiga lesestemme.

Per juli 2019 gjeld følgjande fakta om bøkene i Lesemeister:

Totalt 317 bøker

Forlag:

Aschehoug Litteratur: 4
Aschehoug Undervisning: 40
Cappelen Damm: 23
Egmont: 12
GAN Aschehoug: 96
Info Vest Forlag: 8
Kvitre Forlag: 2
Leseplaneten: 1
Mangschou Forlag: 9
Det Norske Samlaget: 122

Med/utan lyd:

Med lyd: 158
Utan lyd: 159

Sjanger:

Fiksjon: 261
Fakta: 44
Teikneserie: 12

Målform

Bokmål: 139
Nynorsk: 172
Engelsk: 6

Aldersnivå:

1.-2. klasse: 69
3.-4. klasse: 111
5.-6. klasse: 51
7.-8. klasse: 86

Format

Epub: 117
TBA: 200

Brukarrar i Lesemeister

Det er to typar brukarrar i Lesemeister:

- **Elev** - Eleven loggar seg på Elevtenesta med Feide-brukar og les bøker, samlar poeng, anbefalar bøker til lesevener etc.
- **Lærar** - Lærar loggar seg på Lærartenesta med Feide-brukar, og får innsikt i eleven sine leseaktivitetar og tilpassar Elevtenesta til sin klasse

På kva for utstyr kan ein nytte Lesemeister?

Lærartenesta

Lærartenesta er tilgjengeleg i nettlesar. Dei fleste nettlesarar er støtta, men det kan væra problem med einskilde versjonar av Internet Explorer. **Anbefaling frå oss er å ikkje nytte Internet Explorer.**

Elevtenesta

Elevtenesta er tilgjengeleg i nettlesar og som iPad app. Dei fleste nettlesarar er støtta, men det kan væra problem med einskilde versjonar av Internet Explorer. **Anbefaling frå oss er å ikkje nytte Internet Explorer.**

Logge på

Brukarrar loggar alltid på med sin FEIDE-brukar.


Logge på i nettlesar

For tilgang til Elevtenesta og Lærartenesta i nettlesar, gå til www.lesemeister.no for pålogging.

- Eleven går rett til Elevtenesta etter pålogging
- Læraren går rett til Lærartenesta etter pålogging

Gå frå Lærartenesta til Elevtenesta

I Lærartenesta er det ein knapp som tek læraren vidare til Elevtenesta (figur 3.1 og 3.2) Elevtenesta opnast då i ny fane slik at lærar kan ha både Lærartenesta og Elevtenesta opne samstundes.



Figur
Figur 3.2

Logge på iPad app

Søk etter "Lesemeister" i AppStore om du ikkje allereie har Lesemeister installert på din iPad.

Klikk på Lesemeister-ikon på din iPad og logg på med din Feide-brukar. Tenesta hugsar di pålogging slik at slepper å logga deg på neste gong. Dersom du deler iPad med andre brukarar, må du hugse å logga deg av etter ei leseøkt.


Merk at berre Elevtenesta er tilgjengeleg som iPad app. For tilgang til Lærartenesta må nettlesar nyttast.

Kva gjer eg om eg ikkje får logge på?

Kjend problem 1: Eg finn ikkje min kommune i lista over tenestelevavarandørar

Figur 4. Årsaken til dette er at kommunen som din skule tilhøyrer ikkje har godkjent "Lesemeister" for FEIDE. Ta kontakt med rett person i kommunen og be han/ho opne for "Lesemeister" i FEIDE.

E-postadresse til riktig person/avdeling i kommunen kan du finne på denne sida:
<https://www.feide.no/brukarstotte>




Figur 4

Kjend problem 2: Eg får logga på, men får beskjed om at skulen ikkje har lisens når eg prøver å lese ei bok (figur 5)

Årsaken til dette er at skulen ikkje har avtalt testperiode eller inngått avtale med oss i

Lesemeister. Ta kontakt med skuleleiar/rektor ved din skule og be han/henne inngå avtale om Lesemeister.




Figur 5

For andre problem med pålogging, ta kontakt med support@lesemeister.no.

Logge av

Elevtenesta


Gå til brukarprofil frå arkfana "MI SIDE" og klikk "Logg ut". Figur 6.



Figur 6

Lærartenesta

Klikk på bilde øverst til høgre og finn "Logg ut" heilt nederst i biletet som kjem fram (figur 7).




Figur 7

Elevtenesta

Elevtenesta - Kva eleven kan endra

Eleven kan endra følgjande for sin brukarprofil (figur 8):

- **Farge** - Hovudfargen til tenesta
- **Målform** - Velge mellom nynorsk og bokmål for alle tekstar i tenesta utover bøkene
- **Profilbilete**
- **Brukarnamn (kallenamn)** - Merk at sjølv om dette brukarnamnet endrast, vil lærarar allikevel sjå eleven sitt fulle navn i statistikk i Lærartenesta.



Figur 8


Elevtenesta - Lese ei bok

Hovudaktiviteten i Elevtenesta er å lese bøker. Det er tilrettelagt for at eleven skal få ei intuitiv og motiverande leseoppleveling. Følgjande funksjonar er tilgjengeleg:

Bokhylle med filter (figur 9)

Arkfana "Bokhylle" inneholder alle bøkene i Lesemeister. Brukaren kan redusera antal synlege bøker i bokhylla med å filtrera på følgjande:


- Sjanger - Vel mellom
 - Fiksjon
 - Fakta
 - Teikneseriar
- Nivå - Vel mellom
 - Grøn (1.-2. klasse)
 - Gul (3.-4. klasse)
 - Blå (5.-6. klasse)
 - Raud (7.-8. klasse)
 - Svart (9.-10. klasse)
- Utval - Vel mellom
 - Alle - Alle bøkene
 - Klasse - Bøkene som elev har tilgang til gjennom val som lærar har gjort for klassar/grupper i Lærartenesta
- Målform - Vel mellom
 - Nynorsk
 - Bokmål
 - Engelsk



Figur 9

Brukaren klikkar på ei bok for å lese. Ved å klikka på boka visast ei side der brukaren kan orientera seg om boka (figur 10):

- Informasjon om boka. Til dømes antal sider, målform, kor mange som har "likt" ho etc.
- Like boka
- Lese boka



Figur 10

Mine bøker


Under arkfana "MI SIDE" og overskrifta "MINE BØKER" kan brukaren sjå sin historikk over leste bøker. Sist leste bok vises heilt til venstre. Brukaren klikkar på ynskt bok for å lese ein gong til (figur 11).



Figur 11

Boka eg les no

Under arkfana "MI SIDE" og overskrifta "BOKA EG LES NO" kan eleven sjå boka han/ho held på å lese. Tenesta hugsar hvor langt eleven har kome i boka, og opnar boka på riktig stad (figur 12).



Figur 12

Meny inne i boka

Straks brukaren har opna ei bok får han/ho tilgang til ein meny nederst på sida (figur 13). I denne menyen kan brukaren:

for bøker i TBA-format:

- Raskt bla gjennom sidene i boka - sidene visast som små biletet
- Slå av og på lydeffektar
- Slå av og på lyd
- Slå av og på tekst
- Gjera opptak av eiga lesestemme og spille av opptak
- Lukke boka

for bøker i Epub-format:

- Forstørre/forminske skriften

- Lukke boka




Figur 13

Elevtenesta - Bøker og nivå

Kvar bok har eit anbefalt aldersnivå (figur 14). Bøker på eit anbefalt aldersnivå kan likevel passe for eldre eller yngre elevar. Lesedyktige elevar kan til dømes lese opp eit nivå, og samstundes kan elevar som tykkjer det er utfordrande å lesa, starta med eit lågare nivå.

- | | |
|---------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------|
| | Grøn svarer til 1.-2. klasse |
| | Gul svarer til 3.-4. klasse |
| | Blå svarer til 5.-6. klasse |
| | Raud svarer til 7.-8. klasse |
| | Svart svarer til 9.-10. klasse |



Figur 14

Elevtenesta - Poeng

Når eleven les, opparbeidar han/ho seg poeng. Poeng er synleg for eleven i Elevtenesta (figur 15) og for eleven sin lærar i Lærartenesta. Føremålet med poeng er:

- Ein ytre motivasjonsfaktor som på sikt kan hjelpe elevar som tykkjer det er gøy å samle poeng til å oppdage leseglede
- Moglegheit for eleven til å konkurrere med seg sjølv og medelevar
- Moglegheit for å delta i lesekonkurransar der klassar og skular konkurrerer mot kvarandre. Desse konkurransane kan til dømes arrangerast av skulen, Lesemeister og samarbeidspartnerar av Lesemeister.

Poengnivå


I Lesemeister startar eleven som "lesepiggsvin" og kan ende opp som "leseørn" når han/ho har lest veldig mykje. Eleven kan sjå sin poengsum og sitt poengnivå på ei framdriftslinje under arkfana "MI SIDE".

- Lesepiggsvin: 0-599 poeng
- Lesehare: 600-1499 poeng
- Leserev: 1500-4499 poeng
- Lesebjørn: 4500-13499 poeng
- Leseørn: 13500 og høgare

Lesemeister tar atterhald om at namn på poengnivå (Lesepiggsvin, Leserev etc.), poenggrenser og aktivitetar som gjev poeng kan endrast fortlaupande.

Korleis får eleven poeng?

- Byte profilbilete: 1 poeng - Poeng vært gjeve kun fyrste gong profilbilete byttast
- Utfordring sendt: 1 poeng
- Utfordring akseptert: 1 poeng
- Veneforespurnad sendt: 1 poeng
- Veneforespurnad akseptert: 1 poeng
- Side lest: 1 poeng - brukar må ha sida open i minst 6 sekund for at poeng skal verta registrert
- Ferdig med bok: 10 poeng - brukar må ha lest 90% av sidene i boka og i tillegg ha lest siste side for at ei bok skal verta registrert som fullført
- Gjennomført quiz: 1 poeng
- Gjennomført quiz med alle rette: 10 poeng



Figur 15

Elevtenesta - Leste sider

Når eleven les, registrerast antal sider han/ho har lese. Antal sider lest er synleg for eleven i Elevtenesta (figur 15) og for eleven sin lærar i Lærartenesta.

Eleven må ha hatt ei side open i minst 6 sekund for at ei side skal verta registrert som lest.


Elevtenesta - Tid lest

Når eleven les, registrerast tida han/ho har lese. Tida eleven har lese er synleg for eleven i Elevtenesta (figur 15) og for eleven sin lærar i Lærartenesta.

Tida eleven har lese er summen av tida han/ho har hatt alle sider opne. Maks tid som registrerast for ei side er 5 minutt. Dette for å unngå at det registrerast lesetid for ei side som er open lenge etter at eleven er ferdig med å lese.

Elevtenesta - Lesevener

I Elevtenesta kan eleven søkje etter andre elevar og verte leseven med desse. Føremålet med leseven-funksjonen er å gje elevane moglegheit for å vera sosiale og sende leseutfordringar til kvarandre. Lærarar kan også bruke denne funksjonen og sende leseutfordringar til elevar (figur 16).



Figur 16

Søkje etter lesevener gjerast under arkfana "Lesevener". Ein kan søkje etter lesevener basert på:

- Fullt namn på brukaren
- brukarnamn (kallenamn) som brukaren sjølv har definert

Ein kan søkje etter lesevener på tvers av skular og kommunar i Norge.

Brukaren kan få så mange vener han/ho berre vil, og det er og mogleg å sletta ein ven.

Under overskrifta "HENDINGAR" under arkfana "MI SIDE" kan brukarar sjå nyhende om leseaktivitet hjå vene (figur 17).



Figur 17

Elevtenesta - Leseutfordringar

Lesevener kan sende leseutfordringar til kvarandre. Føremålet med dette er at elevar slik kan dele leseopplevingar og utfordra lesevener til å lese ei bok dei anbefalar.

For å sende ei leseutfordring må eleven klikka på ei bok i bokhylla. Frå sida som så dukkar opp kan eleven sende ei leseutfordring for denne boka til ein av sine lesevener. Alternativt kan ei utfordring sendast frå menyen under arkfana "LESEVENER" (figur 18).




Figur 18

Elevtenesta - Varsel

Øverst i høgre hjørnet på Elevtenesta er ei lita bjølle (figur 19). Når eleven klikkar på den kan han/ho sjå varsel som er sendt til seg. Varsel kan vere:

- Ny veneførespurnad
- Ny bokutfordring
- Ny quiz

Alle desse varsla utfordrar eleven til ei handling som han/ho kan velje å akseptera eller avvisa.



Figur 19

Elevtenesta - Nedlasting av bøker

Ei bok er vanlegvis mellom 2 og 50 MB stor. Det er derfor ein fordel med minst 10 Mb/s for at bøker skal lastast hurtig.

Kor raskt ditt internett er kan du finna ut ved å gå til websida:
<https://www.tek.no/speedometer>

Nettlesar

I nettlesar lastas boka ein skal lese på nytt kvar gong.

iPad

På iPad lastas boka ned fyrste gong eleven les ho. Neste gong eleven les same bok, ligg ho lokalt på iPaden. Dersom det kjem ein ny versjon av same bok, vert brukaren beden om å laste ned boka på nytt.

På iPad er det også mogleg å lese bøker offline dersom boka allereie er lasta ned.


Elevtenesta - Quiz

For å motivera eleven til å hugse og forstå det han/ho les har vi laga fleirvalsspørsmål til bøkene som vi kallar for quiz (figur 20).

Per mai 2019 er det kun eit utval av bøkene som har quiz, men vi ynskjer å utvida quiz til så mange bøker som mogeleg.

Dersom boka har quiz vil eleven motta eit varsel om quiz-utfordring når boka er ferdiglest. Eleven kan klikka på varselet for å ta quizen, eller gå til arkfana som heiter "QUIZ" og finne quizen der.

Quizen består av eit utval fleirvalsspørsmål der berre eitt svar er rett per spørsmål. Eleven kan ta quizen så mange ganger han/ho vil. Eit forbetra resultat vil overskriva det førre resultatet. Eleven ser sitt resultat som eit prosenttal (antal rette av antal spørsmål). NB! Merk at for å få tilgang til quizen må eleven oppfylle krava for at ei bok skal vera registrert som lest: Minst 6 sekund på 90% av sidene i boka.



Bok	Resultat (%)	Aksjon
Alle mann i forsvar	60%	Prøv på nytt
Apropos forelska	40%	Prøv på nytt
Bestevener	0%	Start quiz
Birk og Barcelonagjengen	0%	Start quiz

Figur 20

Lærartenesta

Lærartenesta - Grupper

NB! Elevar er ikkje synleg for lærar i Lærartenesta før eleven har vore logga på Lesemeister minst ein gong.

Føremålet med denne funksjonen er å organisera elevane slik at lærar kan fokusera på sin egen klasse/gruppe.

Det er to typar brukarar i Lesemeister:

- **Elev.** Eleven loggar seg på Elevtenesta med Feide-brukar og les bøker, samlar poeng, anbefalar bøker til lesevener etc.
- **Lærar.** Lærar loggar seg på Lærertenesta og får innsikt i eleven sine leseaktivitetar og tilpassar Elevtenesta til sin klasse.

Feidegrupper (figur 21 og 22)

- Grupper som består av elevar
- Lærarbrukaren kan ikkje endre på Feidegrupper
- Ei Feidegruppe kjenneteiknast ved at ho ikkje har eit slettekryss i øvre høgre hjørne
- Alle lærarar ved skulen ser alle Feidegrupper
- NB! Nokre skular har ikkje tilgang til Feidegrupper i Lesemeister fordi Lesemeister ikkje får gruppertilknytning mellom elev og lærar frå kommunen sitt Feide-system.

Lærergrupper (figur 21 og 22)

- Grupper som består av elevar
- Læraren kan leggje til Lærergrupper og tilordna elevar til desse

- Ei Lærergruppe kjenneteiknast ved at ho har eit slettekryss i øvre høgre hjørne
- Alle lærarar ved skulen ser og kan endra alle Lærergrupper

Lag ei ny gruppe

Gå til arkfana “ELEVAR”

- Vel visning i nedtrekksmenyen oppe til høgre. Til dømes “VIS ALLE”
- Trykk på pluss-symbolet for ein vilkårleg elev
- Skriv gruppenamn i skrifefeltet trykk ENTER-tasten

Gruppa er no oppretta og eleven du oppretta ho for er tilknytta den nye gruppa.
Gruppa vil dukke opp i nedtrekksmenyen oppe til høgre.

Legg til ein elev i eksisterande gruppe


- Gå til arkfana “ELEVAR”
- Vel visning i nedtrekksmenyen oppe til høgre. Til dømes “VIS ALLE”
- Trykk på pluss-symbolet for eleven du vil legge til i ei eksisterande gruppe
- Skriv gruppenamn i skrifefeltet og trykk ENTER-tasten eller klick på eit av forslaga som dukkar opp.

Eleven er nå lagt til i gruppa.

Fjern elev frå ein eller fleire grupper

- Gå til arkfana “ELEVAR”
- Vel visning i nedtrekksmenyen oppe til høgre. Til dømes “VIS ALLE”
- Finn riktig elev, og klick på krysset til dei gruppene du vil fjerne eleven frå

Eleven er nå fjerna frå gruppen(e).




Elevar alle grupper

Vel filter

Elevnamn og nivå	Lesepoeng	Ferdigleste bøker	Påloggingar	Sider	Tid	Utfordringar	Grupper
All grupper totalt	5817	62	3635	5547	78:48:33	162/106	(+ Klasse 3Y Klasse 3A Matte 3A aarstrinn3 Norsk 3A Spesialgruppe 1 x Spesialgruppe 2 x)
Elev1 TBA LESEPIGGSVIN	425	9	124	360	02:43:07	15/10	(+ Matte 3B aarstrinn3 Norsk 3B Norsk 3A)
Elev10 TBA LESEPIGGSVIN	357	8	342	330	03:04:48	8/8	

Figur 21



Utfordringar

33 162/106

07 15/10

Lærergrupper Feidegrupper

(+ Klasse 3Y Klasse 3A Matte 3A aarstrinn3 Norsk 3A Spesialgruppe 1 x Spesialgruppe 2 x)

Figur 22

Lærartenesta - Byt mellom klassar/grupper

Lærarar kan sjå elevaktivitet for ein klasse/gruppe av gangen. Læraren kan bytte mellom klassar/grupper frå ein nedtrekksmeny oppe til høgre i Lærartenesta (figur 23).



Statistikk Klasse 3A

Vel klasse/gruppe

Klasse 3A

Klasse 3B

Klasse 3G

Klasse 3Y

Klasse 5A

Malaga

Matematikk 3A

TOTALT SIDER 4.377

TOTALT TIMAR 69

TOTALT ELEVAR 3

Sider	År
~10	2016-17
~20	2017-18
~30	2018-19
~1800	2019-20


Figur 23

Lærartenesta - Statistikk

Føremålet med denne funksjonen er å gje lærar oversikt over leseutvikling for klassen og skulen samla. Funksjonen kan og nyttast til å arrangera lesekonkurransar med andre klassar eller skular.

Under arkfana "STATISTIKK" kan læraren sjå samla statistikk for sin klasse (figur 24):

- Antal sider lest
 - Tid lest



Figur 24

Lærartenesta - Elevstatistikk


Føremålet med denne funksjonen er å gje lærar oversikt over leseutvikling for den einskilde elev.

Under arkfana "elevar" kan læraren sjå statistikk per elev for sin klasse/gruppe i tillegg til statistikk totalt for klassen/gruppa (figur 25):

- Antal lesepoeng
- Antal ferdigleste bøker
- Antal påloggingar
- Antal sider lest
- Tid lest
- Antall utfordringar sendt/motteke

NB! Merk at ingen elevar er synlege i denne statistikken før dei har vore pålogga Elevtenesta minst ein gong.

Ved å klikka på namnet til ein av elevane kan læraren sjå fleire detaljar om eleven. Sjå neste avsnitt “Lærartenesta - Detaljstatistikk om eleven”.



Elevnamn og nivå	Lesepoeng	Ferdigleste bøker	Pålegningar	Sider	Tid	Uttordninger	Grupper
Alle grupper totalt	5817	62	3635	5547	78:48:33	162/106	(+ Klasse 3Y, Klasse 3A, Matte 3A, aarstrinn3, Norsk 3A, Spesialgruppe 1 x, Spesialgruppe 2 x)
Elev1 TBA LESEPIGGSVIN	425	9	124	360	02:43:07	15/10	(+ Matte 3B, aarstrinn3, Norsk 3A, Norsk 3B)
Elev10 TBA LESEPIGGSVIN	357	8	342	330	03:04:48	8/8	(+ Matte 3A, aarstrinn3, Norsk 3A, Norsk 3B)
Elev2 TBA LESEREV	3481	22	1482	3326	58:28:34	34/18	(+ Klasse 3A, Matte 3A, aarstrinn3, Norsk 3A)

Figur 25

Lærartenesta - Detaljstatistikk om eleven

Ved å klikke på namnet til ein av elevane (figur 25) kan læraren sjå:

- Lesestatistikk om kvar bok eleven har lese (figur 26.1)
- Ei tidslinje som syner eleven sin aktivitet i Lesemeister (figur 26.2)
- Oppsummering av eleven sin aktivitet (til venstre i biletet på figur 26.1)



Bok	Sider	Tid	Ufordingar	Niva	Quiz score
Totalt	359 / 2178	02:42:29	810 / 19	-	90%
Aldri tilfreds - Auroradagbøkene 1	0 / 84	N/A	15 / 2	●	-
Alle mann i forsvar	44 / 19	00:31:30	15 / 1	●	100%
Apropos forelska	2 / 21	00:01:26	15 / 0	●	-

Figur 26.1

Elev1 TBA

LESEPIGGSVIN

31.januar 2019
fredag

Elev1 TBA blei ven med Elev2 TBA
4 månader siden

22.november 2018
fredag

Elev1 TBA begynte på Verdas mystiske stader
6 månader siden

Elev1 TBA begynte på Bjørnemysteriet
6 månader siden

Elev1 TBA begynte på Det kvite pulveret
6 månader siden

Figur 26.2

Lærartenesta - Bokhylle

Føremålet med denne funksjonen er at lærar skal kunne velje ut bøker som elevane i ei gruppe/klasse skal fokusera på.

Eleven kan i Elevtenesta velje å sjå alle bøkene i Lesemeister (figur 27 - "Alle") eller å berre sjå bøkene som læraren har lagt i klassen/gruppa si "bokhylle" (figur 27 - "Klasse").

Brukseksempel: "I denne lesekvarten les vi frå bøkene under *Klasse*."
 Eller: "Vektekse er å lesa alle bøkene under *Klasse*."

Dersom ein elev er medlem av fleire grupper/klassar, vil bøkene som visast i Elevtenesta under "Klasse" vere summen av alle bøkene som lærar har valt for dei forskjellige gruppene.



Figur 27

Legge til ei bok i bokhylla

Det er to måtar å legge til ei bok i klassen/gruppa si bokhylle: Frå Bokhyllevisning eller fra Bibliotekvisning.

Legge til ei bok fra Bokhyllevisning

- Gå til arkfana "Bokhylle" og vel klasse/gruppe oppe til høgre
- Klikk på "Legg til bok"
- Klikk på boka du ynskjer å legge til (bruk filter for å avgrensa bokutvalet)
- Klikk på "Legg til valt" oppe til høgre for å lagre

Bøkene er no lagt til bokhylla for gruppa/klassen du valde

Legge til ei bok fra Bibliotekvisning

- Gå til arkfana "Bibliotek" og klikk på ei av bøkene (Bruk filter for å avgrensa bokutvalet)
- Klikk på knappen "Legg til i klassen"
- Vel gruppa/klassen du vil legge boka til for
- Klikk på "Legg til"

Boka er nå lagt i bokhylla for gruppa/klassen du valde.

Fjerne ei bok frå bokhylla

- Gå til arkfana “Bokhylle” og vel klasse/gruppe oppe til høgre
- Vel ei av bøkene med musepeker og hold knappen inne til du ser ei søppelbøtte i øvre venstre hjørne av boka.
- Klikk på søppelbøtta

Boka er nå fjerna frå bokhylla til gruppa/klassen du valde.

Lærertenesta - Bibliotek

Føremålet med Bibliotek er å gje læraren oversikt over alle bøkene i Lesemester. Frå denne visninga kan lærar:


- Lese om boka
- Lese boka
- Legge til boka i bokhylla til ei gruppe/klasse

Lærartenesta - Aktivitet

Føremålet med denne funksjonen er å gje læraren ein oversikt over pågåande aktivitet i klassen/gruppa.

Under arkfana “Aktivitet” visast aktiviteten til elevane i klassen/gruppa i kronologisk rekkefølgje. Nyaste hendingar øverst (figur 28). Du kan avgrensa visning til ei bestemt gruppe/klasse ved å velje gruppe/klasse oppe til høgre.

Aktivitetar som vil visast her er til dømes: “Kim likte Atterkomaren”, “Lise starta å lese Aldri tilfreds” og “Gunnar tok imot ei utfordring frå Lise”.



Figur 28


Lærartenesta - Quiz

Føremålet med denne funksjonen er å gje lærar oversikt over kva for resultat elevane har på quiz til bøkene. Å følgje opp elevane sine quiz-resultat kan motivera elevane til å lesa grundigare med tanke på å skjøne og hugse teksten.

Aktiver/deaktiver quiz for grupper/klassar

Det er mogleg å aktivera/deaktivere quiz for grupper/klassar. Klikk på knappen som er vist på figur 29. Når knappen er grøn er quiz aktivert for vald gruppe/klasse.

Når quiz er deaktivert for ei gruppe/klasse, vil elevane i denne gruppa ikkje lenger sjå arkfana "QUIZ" i Elevtenesta.



The screenshot shows the 'QUIZ' tab selected in the top navigation bar. A pink callout box points to the 'Vel gruppe og aktiver/deaktivlver quiz-funksjon i elevnesta' (Select group and activate/deactivate quiz functions in class) button. Another pink callout box points to the 'Vel visning: Per elev eller per bok' (Select view: By student or by book) dropdown menu, which is set to 'Elevar'. A third pink callout box points to the 'Klikk på rad for å sjå detaljar' (Click on row to see details) button, which is positioned above a list of student names.

Column 1	Column 2	Column 3	Column 4
Eleven sitt namn	Forsok	Sist fullført	Beste resultat
Elev7 TBA LESEPIGGSVIN	N/A		0%
Elev8 TBA LESEPIGGSVIN	13 månader sidan		40%

Figur 29

Quiz - oversikt

Når ein elev har gjennomført ein quiz, kan læraren sjå resultatet i Lærartenesta under arkfana QUIZ (figur 30).

Quiz - oversikt

Quiz-funksjonen har to visningar:

- Oversikt quiz per bok
- Oversikt quiz per elev

Læraren vel visning oppe til høgre.

Oversikt quiz per bok

I denne visninga vises ei liste over bøker og tilhøyrande quiz-aktivitet. Det er mogleg å klikke på ein enkel rad i denne visninga for å sjå detaljar om kvar elev sin quiz-aktivitet for denne boka.

Oversikt quiz per elev

I denne visninga vises ei liste over elevar og tilhøyrande quiz-aktivitet. Det er mogleg å klikke på ein enkel rad i denne visninga for å sjå detaljar om kvar bok eleven har tatt quiz til.

Klargjering for nytt skuleår - grupper og elevar

Kva gjer lærar ved slutten av skuleåret?

Det er ikkje naudsynt å gjera noko som helst før skuleåret sluttar.

Dersom skule har lisensar for Lesemeister, vil elevane og lærarane kunne fortsetja å lesa i heile sommarferien. Elevar som skal byte skule vil miste tilgang når kommunen og/eller skule oppdaterer informasjon i Feide og knyttar eleven til ny skule.

Kva gjer Lesemeister ved slutten av skuleåret?

Feidegrupper

Lesemeister vil 1. august slette alle Feidegrupper som er oppretta (basert på data frå Feide for føregåande skuleår). Elevane og deira lesedata vert IKKJE sletta.

Lærargrupper

Grupper oppretta av lærarar vert ikkje sletta.

Skule som ikkje er kunde av Lesemeister

Gjeld skular som har hatt prøveperiode, har vore med på lesekonkurransar eller har sagt opp sitt abonnement på Lesemeister.

Alle personlege data for elevar og lærarar ved desse skulane vert fjerna. Aggregert lesestatistikk vert bevart anonymt for statistikk til forlag og for å kunne gje gode leseanbefalingar.

Sletting av skuletilknytning for ALLE elevar

Som del av slettinga av Feidegrupper 1. august, tek vi og bort koblinga mellom elev og skule. Det betyr at du som lærar etter 1. august ikkje vil sjå nokon elevar under menyvalet ELEVAR i lærartenesta. Når elevane loggar på for første gong etter 1.august vil dei dukka opp på nytt, og Feidegrupper som elevane tilhøyrer vil vera synlege for lærarane. Elevar dukkar opp i Lærargruppene på same måte som for førra skuleår.

Elevar som ikkje lenger går på skulen vil dukka opp som elevar på ny skule med lesedata bevart. Det føreset at kommunen og/eller skulen har flytta elevane til ny skule i skuleadministrativt system som sender data til Feide, og at eleven har same brukernamn i Feide.

Kva gjer lærar ved skulestart?

Det første lærar må gjere når skuleåret startar er å be elevane logga seg på Lesemeister. Først då dukkar elevane opp i Lærartenesta.

Når alle elevane har vore pålogga Lesemeister vil alle Feidegrupper vera oppretta og elevane tilordna desse. Sjekk at det ser riktig ut for din klasse/gruppe.

Om du som lærar ynskjer å oppretta eigne grupper med elevar i tillegg til Feidegrupper kan du når som helst gjere dette ved å oppretta Lærargrupper. Du kan og endra namn på eksisterande Lærargruppe. For eksempel gjere “4. klasse” om til “5. klasse”.


Om de tykkjer at fleire av Feidegruppene er overflødige og forstyrrende, kan de sende e-post til support@lesemeister.no og legge ved liste over namn på Feidegrupper de ynskjer skal væra skjult. Desse gruppene vil då verta skjult for dykk for resten av skuleåret. **NB! Denne oppgåva utfører vi for skular kun éin gong per skuleår.**

Korleis nytte Lesemeister i undervisninga?

Her følgjer resultat frå ei spørjeundersøking blant lærarar som nyttar Lesemeister i undervisninga. Figur 31. Undersøkinga er frå desember 2018, og ho blei besvart av 47 lærarar.

Hvordan bruker dere Lesemeister i undervisningen?

47 svar



Figur 31